

**Kvam Turlag**  
Bergen og Hordaland Turlag



# VEDTEKTER FOR KVAM TURLAG

Gjeldande frå:  
04.02.2026

## **§ 1 FORMÅL OG ORGANISASJON**

### **§ 1.1 Formål**

Kvam Turlag er eit lokallag av Bergen og Hordaland Turlag i Kvam Turlag sitt medlemsområde. Kvam Turlag skal arbeida for eit enkelt, aktivt, sikkert, allsidig og naturvenleg friluftsliv. Kvam Turlag skal arbeida for sikring av allemannsretten og friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag.

### **§ 1.2 Organisasjon**

Kvam Turlag er ein integrert del av Bergen og Hordaland Turlag. Verksemda i Kvam Turlag skal skje i samsvar med Bergen og Hordaland Turlag sine vedtekter. Aktivitetane skal til ei kvar tid skje innanfor rammene av Bergen og Hordaland Turlag sine føringar, og vere i samsvar med retningslinjer/samarbeidsavtale inngått mellom partane.

Kvam Turlag vert representert i DNT gjennom Bergen og Hordaland Turlag.

### **§ 1.3 Medlemskap**

Medlemskap i Kvam Turlag er ope for alle enkeltpersonar som ynskjer å verta medlem. Medlemmer av Bergen og Hordaland Turlag er alle som har betalt kontingent til DNT, inntil utmelding skjer eller medlemmen vert sletta på grunn av manglande innbetaling av kontingent.

Alle medlemmer i Bergen og Hordaland Turlag er og automatisk medlem i Kvam Turlag dersom dei bur i Kvam Turlag sitt medlemsområde, og ikkje reserverer seg mot medlemskap. Medlemmer av Bergen og Hordaland Turlag som er busett utanfor medlemsområdet, kan verta medlem om dei ynskjer det.

Medlemmer har forslags- og stemmerett på årsmøtet og kan veljast til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemmer er medlem av DNT og har medlemsrettar ved besøk på alle hyttene til medlemsforeiningane og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod.

Medlemskontingenten vert fastsett av Bergen og Hordaland Turlag. Medlemskontingenten vert fordelt mellom Kvam Turlag, Bergen og Hordaland Turlag og DNT sentralt etter ein fastsett fordelingsnøkkel.

## **§ 2 ÅRSMØTET**

### **§ 2.1 Høgaste myndigheit**

Årsmøtet er det høgaste organet i Kvam Turlag.

### **§ 2.2 Deltaking og stemmerett**

Alle medlemmer frå 15 år og eldre har stemmerett. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak vert fatta ved stemmefleirtal.

### **§ 2.3 Innkalling og fristar**

Ordinært årsmøte skal haldast innan 20. februar kvart år. Innkallinga skal gjerast offentleg i lokalavisa og på nettsida til lokallaget seinast 2 veker før årsmøtet. Saker som skal opp på

årsmøtet må vera styret i hende seinast innan utgangen av desember månad. Kun saker som er nemnt i innkallinga kan behandlast på årsmøtet.

Innkallinga skal innehalde tid, stad, saksliste og andre opplysingar om møtet.

Styret skal gjera tilgjengeleg fullstendig saksliste og nødvendige saksdokument seinast 2 veker før årsmøtet.

## **§ 2.4 Oppgåver årsmøtet**

Årsmøtet skal behandla:

- a. Val av møteleiar, protokollførar og to representantar til å underteikna protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Godkjenning av årsmelding
- e. Godkjenne revidert rekneskap
- f. Andre saker i samsvar med saksdokumenta
- g. Val av leiar av styret for 1 år og medlemmer til styret for 2 år
- h. Val av medlemmer til valkomiteen for 2 år
- i. Val av revisor for 1 år

## **§ 2.5 Ekstraordinært årsmøte**

Styret skal kalla inn til ekstraordinært årsmøte med minst 2 vekers varsel etter:

- a. Vedtak av årsmøtet til Kvam Turlag
- b. Vedtak av styret i Kvam Turlag eller Bergen og Hordaland Turlag
- c. Krav fra minst 5%, men minimum 20, medlemmer med stemmerett

Ekstraordinært årsmøte kan kun behandla dei saker som er gjeven i vedtaket eller kravet om innkalling av det ekstraordinære årsmøtet.

Innkallinga skal gjerast offentleg i lokalavisa og på nettsida til lokallaget seinast 2 veker før møtet. Innkallinga skal innehalde tid, stad og saksdokument med forslag til vedtak.

Ekstraordinært årsmøte skal behandla:

- a. Val av møteleiar, protokollførar og to representantar til å underteikna protokollen
- b. Godkjenning av innkallinga
- c. Godkjenning av sakslista
- d. Sak i samsvar med saksdokument

## **§ 3 STYRET**

### **§ 3.1 Styret si myndigheit og oppgåver**

Kvam Turlag vert leia av eit styre med leiar og 5 styremedlemmar. Styreleiar kallar inn til styremøter. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene i styret er til stades. Ved likt stemmetal, er leiaren si stemme avgjerande.

Styret si oppgåve er å leia Kvam Turlag i samsvar med vedtektene og føringar frå Bergen og Hordaland Turlag. Styret er forplikta av retningslinjer/samarbeidsavtale og andre vedtak styret i Bergen og Hordaland Turlag har fatta.

### **§ 3.2 Samansetning og val av styret**

Leiar av styret vert valt for 1 år om gongen, og styremedlem for 2 år

### **§ 3.3 Styret sitt arbeid**

Styret vert kalla inn av leiaren når det er behovet for det, eller når minst 2 av medlemmene i styret krev det. Styret kan fatta vedtak når eit fleirtal av medlemmene i styret deltek. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande.

## **§ 4 VALKOMITEEN**

### **§ 4.1 Samansetning og val av valkomiteen**

Kvam Turlag skal ha ein valkomité på 3 medlemmer. Medlemmene skal veljast av årsmøtet for 2 år.

### **§ 4.2 Valkomiteens myndigheit og oppgåver**

Valkomiteen skal innstille til val av styret.

## **§ 5 BROT PÅ DNT SITT REGELVERK**

Medlemmer i Kvam Turlag som gjer seg skuldig i grove brot mot DNT sitt etiske regelverk slik det er vedteke av DNT sine organ, kan illeggjast ei irettesetjing, tap av retten til tillitsverv eller tap av retten til medlemskap i foreininga. Styret kan behandle slike saker. Eit medlem som er ilagt sanksjonar som nemnt, kan leggje saka fram for landsstyret eller domsutvalet til endeleg avgjersle i følge DNT sine vedtekter § 12.2.

## **§ 6 OPPLØYSING**

Kvam Turlag kan oppløysast med minst 3/4 fleirtal på 2 etterfølgjande ordinære årsmøter. Dersom Kvam Turlag vert oppløyst, skal Kvam Turlag sine midlar overførast til Bergen og Hordaland Turlag.

## **§ 7 VEDTEKTSENDRINGAR**

Vedtektene kan endrast ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte.

Vedtektsendringar skal vera oppført på saklista og krev minst 2/3 fleirtal av stemmene.

Forslag på vedtektsendringar må fyrst ha vore til fråsegn i styret i Bergen og Hordaland Turlag.

Forslag på vedtektsendringar må vera styret i hende innan 8 veker før ordinært årsmøte eller ekstraordinært årsmøte.